



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

Dato : 15.09.2004
Vår ref. : 2004/01312-EE
Dykkar ref. : 200402804 / 23.06.2004
Sakshandsamar : Egil Eide
Direkte tlf. : 53 49 14 06
E-post : egil.eide@hsh.no

Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

16 SEPT. 2004		
200402804	62	614

SAK; Høyringsfråsegn frå Høgskulen Stord/Haugesund til forslag om endring i forskrift om opptakskrav til grunnutdanningar ved universitet og høgskular §8 Spesielle opptakskrav.

Høgskulen Stord/Haugesund har moteke til høyring forslag om endring i forskrift om opptakskrav til grunnutdanningar ved universitet og høgskular §8 *Spesielle opptakskrav*:

1. Spesielle opptakskrav til allmennlæruddanninga
2. Forslag om endring i spesielle opptakskrav til arkitekt- og industridesignutdanning ved Arkitektshøgskolen i Oslo
3. Forslag om spesielle opptakskrav til bachelorutdanning i kulturprosjektledelse ved Høgskolen i Lillehammer

I denne høyringa omtaler vi berre dei føreslegne skjerpa opptakskrava til allmennlæruddanninga.

I meldinga blir det lagt stor vekt på eit samla perspektiv på kompetanseutvikling i skulen. Både rettleiing av nyutdanna lærarar og eit medvite grep om etter- og vidareutdanning direkte knytt til neste skulereform er gode utspel frå departementet, og må avgjort reknast som kvalitetstiltak. Ved Høgskulen Stord/Haugesund er me opptekne av at det blir rom for lokale initiativ og lokalt engasjement i arbeidet med kompetanseutvikling. Dette er truleg ein avgjerande føresetnad for at lærarutdanningsinstitusjonane også skal kunna fungera som lokale utviklingsaktørar.

Høgskulen Stord/Haugesund har merka seg at departementet vil medverka til ei sterkare og meir målretta satsing på praksisretta fou-arbeid, og at institusjonane som tilbyr lærarutdanning, skal samarbeida med skuleeigar for å avdekkja forskingsbehov. Me synest dette er positive signal. Me vil rå til at departementet brukar ressursar på å studera og evaluera korleis ulike kvalitetstiltak verkar. Dette vil vera eit viktig tiltak for å betra kunnskapsgrunnlaget for nye endringar i lærarutdanningane.

Det er etter kvart vorte eit viktig prinsipp at høgre utdanning skal vera open for alle som har ein nærare definert grunnkompetanse. For tida er det tale om anten generell studiekompetanse eller realkompetanse. Dersom departementet meiner at inngangskompetansen til høgre utdanning er for dårleg, bør større merksemd rettast mot kvaliteten og valfridomen i vidaregåande opplæring. Svake kunnskapar og lita fordjuping i realfag er ei nasjonal

utfordring på alle utdanningsnivå, og mange utdanningsretningar.

I høyringsbrevet vert det lagt vekt på at allmennlærerutdanninga skal vera krevjande, og at læraryrket føreset kunnskap, motivasjon og arbeidsinnsats.

Høgskulen Stord/Haugesund er oppteken av kvaliteten på alle lærarar som vert uteksaminerte og skal arbeida i norsk skule. Lærarar må fungera godt på mange område, dei skal ha eit godt kunnskapsnivå, vera gode tilretteleggjarar for læringsarbeidet til elevane, vera kreative, ha gode sosiale og emosjonelle evner, og vera aktive i utviklingsarbeidet til skulen. Å vera ein god pedagog er ei kompleks og samansett oppgåve.


Me er einige i intensjonane i departementet si målsetjing, men meiner at ei skjerping av opptakskrava til allmennlærerutdanninga etter dei kriteria som blir gjort framlegg om i høyringa, ikkje nødvendigvis vil gje den effekten som er ynskt.

Oppsummering


Utgreiinga av ulike alternativ til skjerpa opptakskrav er etter Høgskulen Stord/Haugesund si meining for lite fokusert i den pågåande drøftinga. Me er skeptiske til effekten av å skjerpa opptakskrava, men dersom dette vert innført, så meiner me at alternativ 4 (breiddekunnskapar minimum 35 skulepoeng) i høyringa er den minst problematiske. Karakterkrav berre i norsk og matematikk står i kontrast til breidda og dei kvalifikasjonane og eigenskapane som er nødvendige for å vera ein god lærar.

Dersom grensa for opptak skal setjast med utgangspunkt i ein kombinasjon av skulepoeng og karakterar i norsk og matematikk, vil Høgskulen Stord/Haugesund tilrå alternativ 6 der inn-
takskravet er sett til 35 skulepoeng og karakter 3 i norsk og matematikk.

Med venleg helsing



Egil Eide
rektor



Rune Jørgensen
direktør